



Alver kommune  
Havnevegen 41 A  
5918 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352


## Uttale - Alver - 172/1 - Hopland - støype båtopptrekk - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 25.09.2020. Saka gjeld søknad om dispensasjon i frå byggjegrænse mot sjø jf. plan- og bygningslova § 1-8 for etablering av betongstøpt båtopptrekk. Kommunen opplyser at i tillegg skal eksisterande kai rehabiliterast med stein. Det er ikkje søkt om utvidig av denne kaien. I kommuneplanen er område sett til LNF-formål på land og fiske i sjø.

### Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.





Utifrå dei oversendte teikningane og flyfoto/foto frå området kan vi ikkje forstå anna enn at det er tale om ei utviding av kaien. Dei oversendte teikningane viser eit mykje større inngrep enn det som er der i dag og harmoniserer lite med området rundt. Dette er eit område med tilgjengeleg strandsone og eit omland med bustadar.

Vi vurderer at området har stort potensial for allmenn bruk. Det er difor viktig å bevare strandsoneverdiane i området. Tiltaka ligg på ei strand ved utløpet av ei elv. Ein bør vere varsam med nye inngrep i slike områder. Område kring naust er juridisk sett å oppfatte som utmark. I dag er det mogleg å bade/ vasse på stranda her. Det er viktig at ein ikkje øydelegg/reducerer denne moglegheita med store kaiar/utstikkarar. Vi rår ifrå store endringar i dette området. Eventuelle endringar på stranda her må vurderast samla og med vesentleg vekt på allmenta si bruk/potensielle bruk av strandsona.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon i denne saka.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN